

sin død.

Ei av døtrene, Aslaug, var svært ivrig med i Mormonar-bevegelsen, og før han døde vart både han og kona døpt og vigsla til den.

Utanom Aleksander, så hadde han 12 barn med kona si Marie. Nokre av dei vart igjen i Vefsn, men dei fleste kom til Narvik, og der er det svært mange etterkomarar etter han.

9.

Jensine Pedersen Tveråbakken f.1847 d.1901.

Ho var dotter til Peder Ås Pedersen og kona Anne Elisabet Hansdotter. Ho fekk då i 1868 som nemt under 9. sonen Aleksander med Christopher Sørensen.

Ei tid etter vart ho gift med Aleksander Andersen frå Holmvik, og dei fekk då plassen Lilleholt som dei bygde hus på og dreiv.

Dei fekk tre gutar: Paul, Jørgen og Adolf som alle reiste til Amerika, kom seg inn på jernbana, og fekk forholdsvis trygge kår.

Jensine vart sinssjuk og tok sitt eige liv, og då reiste Aleksander, mannen hennes, til sønene sine i Amerika, der han fekk det godt

10.

Andreas Monsen Einmo f.1831 d.1911.

Han vart fødd på Simsø som søn til Mons Jørgen Korneliusen og Adrianna Andreasdotter som deira første barn.

I 1832 fekk dei kjøpt garden Einmo av tante til Andreas, Marit Hass frå Leinesodden som til då hadde eid garden som "Propietær", prisen var 120 daler.

Garden Einmo, som til då hadde vorte dreven som bygselbruk, var då i nokså dårleg stand, både når det gjaldt husa og sjølve gardsbruket.

Økonomien til Mons Jørgensen var ikkje serleg god, så dei hadde det nok vanskelig den første tida. Men då Andreas vaks til vart han ein heldig, eller skal vi heller seie ein dyktig fiskar, så då lysna det økonomisk. Han kom seg tidleg i gang med storbåt og notbruk og gjorde det bra på sjøen.

I 1848 bygde dei ny stue, for den gamle var då både lita og stod nermast til forfall. Han sette og opp ei stor bryggje på Olsenet og ei fiskebu i Skorpa som seinare vart flytta til Ytterholmen.

I 1855 vart han gift med Barbro Johannesdotter f.1834 frå Meisfjord, og dei fekk desse barna:

Mathis Ås f. 1855, som blei gift med Eline Andreasdotter f.1860. Dei busette seg på Breiland.

Aleth f.1857, som vart gift med Edvard Caroliusen f.1865

Anna f.1864, som vart gift med Jens Johnsen Hjartland f.1857.

Antonette Zahl f.1867, gift med Aleksander Mørk Sørensen f.1868.